

Årsmelding for året 2018



Styret har hatt slik samansetjing i 2018:

Åsmund Kåre Rørvik, styreleiar
Per Magne Bringedal, nestleiar
Åsfrid Barstad, styremedlem-kasserar-sekretær
Marianne Lund Anderssen, styremedlem
Guttorm Røssland, styremedlem
Oddmund Skår, styremedlem
Helge Vassvik, 1. varamedlem
Kirsten Hals, 2. varamedlem

Revisorar:

Merete Moe Røssland, Even Teigen

Valnemnd:

Anna Prestnes, Per Henrik Opdal, Kari Røstbø

STYREMØTER:

Det har i 2018 vore halde 10 styremøte. Varamedlemene har vore innkalla til alle styremøter for å sikra kontinuitet. Det har vore bra frammøte og aktiv deltaking i styremøta.

Styret og styreleiar har hatt god kontakt med politisk og administrativ leiing i kommunen. Styreleiar har hatt fleire møter og telefonsamtalar med ordførar Peder Sjo Slettebø for gjensidig informasjon om viktige saker for Husnesområdet. Styreleiar og styremedlemer har delteke på ymse eksterne møter relevante for dei sakene vi arbeidar med.

HANDLINGSPLAN OG AKTIVITETAR:

Styret arbeidar etter ein handlings- og aktivitetsplan med 12 hovudpunkt som kvart inneheld ei lang rekkje aktivitetar. Aktivitetane vert gjennomgått og reviderte på kvart styremøte. Ambisjonsnivået er høgt og det har vist seg vanskeleg å få gjennomført mange av aktivitetane. Skal vi få det til må vi i større grad engasjera interesserte personar utanom styret i arbeidsgrupper, både medlemmer i Husnes Vekst og andre. Nedanføre er hovudpunkta i handlingsplanen med kommentarar. Dette er også handlingsplanen styret ønskjer å halda fram med å arbeida etter i 2019.

1. Regionsenteret Husnes

Husnes Vekst er medlem i referansegruppa til det kommunale prosjektet og har delteke på ymse møter i høve dette. Dette er ei svært viktig sak for Husnesområdet. Husnes Vekst utarbeidde eit særst omfattande høyringssvar vedrørande den kommunale handlingsplanen for Regionsenteret Husnes. Dette vart sendt til prosjektgruppa for planprogrammet, ordføraren og formannskapet 21.08.2018. Husnes Vekst er uroa over at det no snart er 5 år sidan Husnes fekk status som regionsenter utan at ein er ferdig med laga plan for korleis ein skal utvikla regionsenteret. Høyringssvaret er det største og viktigaste prosjektet vi har arbeidd med i året som gjekk. Høyringssvaret er difor lagt ved denne årsmeldinga.

2. Næringsliv, eksisterande og nytt

Kva kan vi gjera for eksisterande næringsliv og korleis tiltrekka oss nytt? Dette er avgjerande for arbeidsplassar i området i framtida. Temaet har vore diskutert fleire gonger med ordføraren som arbeidar aktivt. Vi har adressert temaet på første side i høyringssvaret vedrørande regionsenteret. Vi har og delteke på fleire medlemsmøte i Kvinnherad Næringservice og sende hausten 2018 skriftleg innspel til Kvinnherad Næringservice / kommunen om korleis dette bør organiserast.

3. Statlege/fylkeskommunale arbeidsplassar og funksjonar

Husnes må vera med i tevling om nye offentlege funksjonar som kan verta flytta ut frå hovudstaden/større byar. Det er viktig å arbeida for å styrkja eksisterande institusjonar. Dette må ha stor merksemd både frå politisk og administrativ leiing i kommunen. Trass i innsats frå ordføraren og andre misser diverre Husnes no passkontoret. Ordføraren arbeidar no for at tingretten sitt nye sete for Sunnhordland og Hardanger i samband med reorganisering vert lagt til Husnes.

4. Kommunale tenester og kontor på Husnes

Vi har fokusert på kva tenester vi treng tilgang til i regionsenteret. Romprogrammet for ombygging og utviding av Aksen er eit godt grunnlag. Vi har kome med innspel om å samla helsetenestene i eksisterande bygg i sentrum nær apoteka og det nye kommunikasjonsknutepunktet.

5. Turisme

Kva har Husnesområdet å by turistar og kva saknas? Vi ønskjer samarbeide med alle reiselivsaktørar om informasjon/tiltak. Overnattingskapasiteten er for liten på Husnes. Dette er også eit uttalt viktig punkt for all næringsverksemd i området. Oppussing og få ny, god drift av hotellet må ha høg prioritet. Oppussingsarbeidet er

no godt i gang.

6. Tomteland for (eine)bustader

Husnes har ikkje hatt sentrumsnære tilgjengelege bustadtomtar på svært mange år. Det er ønskeleg å få utvikla det regulerte området mellom brannstasjonen og gamleskulen snarast. I tillegg må området mellom FV48, vatnet og Hellandselva omregulerast og utviklast.

7. Omsorg for eldre

Området frå Herøysundet til Utåker har i følgje statistikk desidert flest innbyggjarar over 70 år i Kvinnherad, ca. 880 ved utgangen av 2017. Trong for omsorgstenester på ymse nivå vil auka frametter. Er vi budde på dette? Temaet er teke opp både med kommunen og private aktørar.

Husnes Vekst var til stades på eit svært interessant og godt orienteringsmøte om etablering av eit mogeleg seniorsenter sentralt på Husnes. Det er no sett ned ei nemnd som arbeidar vidare med dette. Husnes Vekst vil stø aktivt opp under dette arbeidet.

8. Turstiar i Husnesområdet

Husnes Vekst var tiltakshavar og økonomisk ansvarleg for prosjektet med ny turveg langs vatnet frå krysset ved skulane til eksisterande turveg mot Kaldaneset og rastehytte ved denne. Turvegen var på det næraste ferdig då storflaumen i vatnet 7.12.17 vaska ut og øydela store delar. Vegen er reparert og lagt høgare for å hindra framtidig øydelegging. Det har også vore møte med aktørar og grunneigarar langs vatnet for å få fungerande regulering av vatnet i framtida. Dette er i alle si interesse. Øydelegginga med påfølgjande reparasjon av vegen førde til store ekstra utgifter og rekningar strøymde på. Som økonomisk ansvarleg var dette ei trasig sak for Husnes Vekst ved starten av 2018. Stor takk til SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad som etter søknad let oss omdisponera ei anna gåve vi hadde fått. Prosjektet er no avslutta.

Husnes Vekst har teke initiativ til å få lyssett postvegen frå Askedåso via Teigen til Eikeland. Ei prosjektgruppe leia av Per Magne har arbeidd med førebuingar og prosjektering. Første trinn er å få avtalar med alle grunneigarar. Prosjektet var tenkt som eit samarbeidsprosjekt mellom Husnes Vekst og Postvegen i nært samarbeide med energiselskapa våre og det offentlege. Diverre motsette Vegvesenet seg Kvinnherad Energi sine planar om kabellegging langs postvegen. Desse planane var ein viktig føresetnad. Prosjektgruppa ser no på andre løysingar.

Husnes Vekst har teke initiativ til å få laga nytt, omfattande oversyn med gode kart, GPS-spor og tekstskildring av alle turstiar frå sørsida av Uskedalen til Utåker. Dette vert og samarbeidsprosjekt med andre lokale organisasjonar.

Husnes Vekst har i 2018 vore med i ei gruppe saman med kommunen og Kvinnherad Turlag for å finna løysing på parkering og ny start på turstiar opp Hellandslia etter at rundkøyninga ved Helland vart etablert. Prosjektet har no funne god løysing med parkering og start ved vasshandsamingsanlegget/driftsbygget til kommunen, er under opparbeiding i regi av kommunen/Kvinnherad Turlag og er fullfinansiert ved gåve frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad.

9. Ny fleirbrukshall Husnes

Husnes Vekst stør arbeidet med å få etablert hallen. Det er viktig at hallen vert bygd slik han er skissert og at omfang og innhald ikkje vert redusert. Styreleiar er med i gruppe som arbeidar med å få på plass den private delen av finansieringa.

10. Trafikksikring i Husnesområdet

Oddmund hadde dialog med vegvesenet om å få skilta Fv44 frå Helland via Kaldestad og Sunde til Opsanger som forkjørsvog. Dette er no gjennomført! Det vert vidare arbeidd med å få gang-sykkelveg og vegljøs frå Bogsnes til gamleskulen. Det har vore arbeidd med å identifisera og dokumentera ei rekkje andre trafikksikringstiltak i Husnesområdet. Rapport vert sendt kommunen i 2019. Husnes Vekst har m.a. gjeve klårt uttrykk for at Opsangervegen må verta forkjørsvog att og få 40 km/t fartsgrense. Veggen vart laga som hovudtilførselsveg til butikksenter, offentlege kontor, skulesenter, idrettssenter, kultursenter, helsesenter, barnehagar, sjukeheim og store arbeidsplassar og for å føra trafikken utanom sentrumsområdet og bustadområda på Husnes.

I staden må heile det indre sentrum, Sentrumsvegen, Lonavegen og Heimayro frå krysset ved COOP sørover til Lonavegen få status miljøgate og nedsett fartsgrense til 30 km/t.

11. Samferdsle

Husnes Vekst har prioritert å betra kommunikasjonane mellom Husnes og Stord og vidare mot Bergen og Haugesund. Vi stør arbeidet med å snarast få etablert Sunnfast (bru frå Bjellandsneset til Huglo/Tysnes og vidare til ny E39 med sørleg kryssing av Langenuen). Dette vil vera avgjerande for å på sikt oppretthalda og utvikla verksemdar og busetnad i denne delen av Kvinnherad.

Husnes Vekst ga 12.12.17 formell uttale til Hordaland Fylkesting/Hordaland samferdsleutval og kommunane Kvinnherad, Stord, Tysnes og Odda vedrørande betring av kommunikasjonstilhøva mellom Stord og Kvinnherad.

Vi har også understreka dette i høyringsuttalen vår vedrørande Regionsenteret Husnes sendt kommunen 21.08.2018.

Husnes Vekst har purra på etableringa av nytt trafikknutepunkt i Husnes sentrum (bilbuss) og Sunde ferjekai (ferje, snøggått, buss, bil).

Husnes Vekst ønskjer å fjerna eller sterkt redusera bompengane i Halsnøytunnelen. Overordna styresmakter har i staden auka bompengane sterkt ved å minka/fjerna tidlegare rabattordningar. Dette går særleg utover nyttetransport vestover.

Det er diverre framleis ikkje skilta til regionsenteret Husnes i tråd med praksis.

Vegvesenet hadde innstilt på det, men Kvinnherad sine eigne politikarar stogga det.

12. Kultur

Korleis gjera Husnes og omland til kulturfyrtårn? Vi har eit unikt kulturskulebygg med svært gode lærekrefter og ei rekkje kulturaktørar av svært høg kvalitet.

Vi er ikkje komen i gang med dette, men ønskjer framleis å etablere arbeidsgruppe med eksterne for å ta dette vidare.

MEDLEMMER

Vi har i 2018 hatt 58 personar og 9 verksemder som betalande medlemmer.

Det er ønskeleg å auka medlemstalet, både personlege medlemmer og verksemder.

Det økonomiske er sjølvsagt viktig, men å få fleire engasjert og med i ymse arbeidsgrupper er enno viktigare. Større medlemstal aukar også legitimiteten vår.

Vi har gjennomført to vervekampanjar i 2018. Den første var ein internettkampanje med billetter til Omstock-festivalen som premie. På Husnesdagane laurdag 02.06.2018 hadde Guttorm, Marianne (Pia) og Åsmund Kåre frå styret i Husnes Vekst gleda av å stå på stand og å få snakka med masse kjekke folk og fortelja dei om Husnes Vekst. Resultatet av begge vervekampanjane var labert.


ØKONOMI

Det store turstiprosjektet vi var involverte i gjer at rekneskapen også for 2018 er noko vanskeleg å lesa. Ved inngangen til året sto det kr 75.297,71 i øyremerkte gåvemidlar på prosjektkontoen. Vi har i tillegg fått kr 204.277,- i prosjektgaver i 2018. Alle desse midlane er utbetalte til føremålet i 2018, noko som er bakgrunnen for det svært store driftsunderskotet på kr 81.684,-. Det er også etterbetalt ei rekning som skulle vore med i 2017 på kr 5.000,- til Kristian Hus. Så langt vi veit er vi no ajour med betaling av utgifter som skulle vore ført på tidlegare år, men vi slit framleis med avskrivningar på installasjonane i Borvika (kr 5.017,-). Det er gitt gåve til Lions-Løveleikane (idrettsarrangement for funksjonshemma) på kr 1.000,- og til 17. mai nemnda på Husnes på kr 5.000,- Vi ga kr 3.000,- til ungdomsskuleelevane som gjorde ein kjempejobb med å rydda Husnes for bos og rot før 17.mai. Driftsutgifter inkl. desse gåvene før avskrivningar var kr 49.558,- (budsjett kr 42.500,-)

Det er i 2018 ikkje utbetalt godtgjersle til styreleiar eller styremedlemmer.

Den ordinære inntekta har i 2018 vore medlemsavgift, grasrotmidlar og momskompensasjon, til saman kr 48.157,- (budsjett kr 42.500,-)
Økonomien er svært stram, men likviditeten er tilfredsstillande.

Husnes 06. mars 2018




Åsmund Kåre Rørvik
Styreleiar



Per Magne Bringedal
Nestleiar




Åsfrid Barstad
Styremedlem



Oddmund Skår
Styremedlem



Marianne Lund Anderssen
Styremedlem



Guttorm Røsland
Styremedlem